

18.02.2016

Annonsørar sikrar drifta av nettsida.



Uskedal Utvikling

Framsida
Uskedal Utvikling
Uskedalsposten
Tilbod i Uskedalen
Lag og organisasjoner
Bilete
Biletgalleri
Historisk stoff
Tradisjonsstoff
Kontakt oss

Søk

Kontakt oss
Kontakt uskedal.no:

Siste Nyhende

Stor aktivitet i skulen i vinterferien.



Lesarbilete



[Sjå flere biletar her](#)

Sponsorar




SMAKFRÅOSKA
USKEDALEN
MÅLT AV FØRSTESLAGET MED PÅ KJØP
TIL SØPP



HJØNNEVÅG
Utskod mat frå høvud



Kvinnherad
Vekst bedrift AS
Tlf: 33 47 50 89



Solheim
Turiststasjon

Sponsorane finn de nedover i høgre spalta.

Det er annonsørane som har logoen i høgre spalta som sikrar inntekter til uskedalen.no. Mange har vore med sidan starten, medan det også er gledeleg at nye firma ser verdien av dette. Ved å få plassert logoen i spalta, kan firma også få snarveg til eiga nettside eller facebookside, og dette er ei ordning som vert mykje brukt.

Talet på desse sponsorane har siste åra vore i overkant av 20, og dei betaler eit fast årleg beløp. Siste nye annonsør er SmakfråOska som nyleg kom på plass, og det er også andre som har kontakta oss i det siste med tanke på å kjøpa plass. Det er berre Uskedalsfirma og firma med sterkt tilknyting til bygda som får kjøpt plass. Dersom firma ønskjer det, vert det ordna slik at dersom lesarane trykkjer på ein logo, så kjem ein rett inn på heimesida eller facebook-sida til firmaet. Statistikken til uskedalen.no viser at desse snarveiene vert mykje brukt av lesarane. Dermed er det også ei svært god og rimeleg ordning for dei som kjøper annonseplass.

Plasseringa som kvar firmalogo har i spalta, vert rullert med jamne mellomrom. Det sikrar at ingen firma vert ståande langt nede over lengre tid.

Annonsørane sikrar eit betydeleg overskot på drifta av sida då arbeidet som redaktør Ola Matti Mathisen og andre gjer er fullt ut dugnadsbasert. Dette gjev gode inntekter til eigaren Uskedal Utvikling.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland